

Meland Kommune
Postboks 79,
5906 FREKHAUG

Leiv Jan Fosse

Fosse 146,
5918 FREKHAUG

Fosse, 26.10.2015

Viser til brev av 15.10.2015 – sak nr.15/2731-15/18760 gbnr. 25/1.


Vil først og fremst presisere at det ikkje er gjort noko inngrep i kommunalveg, det einaste som har blitt utført er tipping av jordmasser som nemnt i tidlegare brev i saka. Før jordmassane vart tippa stod det ein del trær 3-5meter frå vegkanten, desse vart fjerna. Greinene på desse trea strekte seg heilt ut til vegkanten og skjulte den bratte skråninga som alltid har vore her. Har og fått dette bekrefta av vedkommande entreprenør som har utført arbeidet med tipping av jordmassane.

I ettertid er ein gjort kjent med at entreprenør har kome i skade for å laga nokon mindre hakk i asfalten. Desse er han villig til å utbedra. Ein ser at å laga ein skulder frå vegen mot jordmassane truleg vil bedra situasjonen noko, her kan eg som grunneigar vera behjelpelig.

Ved vidare uklarheiter i saka kan også entrepenør Kjartan Århus kontaktas om ønskeleg.

Vidare legg eg til at det ikkje er konkrete planar for området. Men i arealdel til kommuneplanen gjorde eg eit innspel om tømmervelteplass, det er vidare ikkje tatt med i kommuneplanen for neste planperiode.

Mvh


Leiv Jan Fosse

Eigar 25/1